


Bygdeblad

Nr 3-2011

Bygdesentralen /Frivilligsentralen



Tlf. 35024868 mob 48237791
bygdesentralen@hjartdalsbygda.no



Innhald:

17. mai

Årsmøte

Kulturlandskapss.

Hjartdal IL.

Slåttefestivalen

Serbia-tur

Møtekalender

Seljord frivilligs.

Bibliotek

Dans

Misjonshuset

Helselag

Hjartdal skule

Pensjonistlag



17 mai !

Bøker og materiell til 17.mai-komiteen vert utlevert på

Bygdesentralen

Hjartdal turist- og bygdesentral!

Hjartdal turist- og bygdesentral heldt årsmøte måndag 14.mars på bygdesentralen.

Styret for 2011 blei: Styreleiar, Bjørg Inger Flatland

Styremed, Agnes Langåsdaalen

” Gunvald Tho

” Anette K. Nordgarden

” Odd Helge Djupedal

Sekretær for styret/ dagleg leiar: Lise Djupedal.



NYHEIT: Går i vår saman med Norsk Kulturarv og Slåttefestivalen i gang med ny søknad til Landbruksdepartementet om midlar til å setja fokus på kulturlandskap. Norsk Kulturarv har nettopp invitert oss med på ei ny runde!

Aktuelle oppdrag og aktivitetar:

- ⊗ Samarbeid med **Nordisk Kulturlandskapsforbund** om **årsmøte og seminar i Telemark 16. juni – 19. juni 2011, m.a. med innlagt besøk på Slåttefestivalen.**
- ⊗ Samarbeid med Nordisk Kulturlandskapsforbund og Norsk Kulturarv om oppretting av nordisk nettside om kulturlandskap.
- ⊗ Ferdigstilling av undervisningsopplegget ”Ut i mark og eng” for grunnskulen til Slåttefestivalen.
- ⊗ **Handlingsplan for slåtteenger** på oppdrag for Direktoratet for Naturforvaltning og Fylkesmannen
- ⊗ Diverse planarbeid i Telemark, Buskerud og Vestfold (med Ragnhild Bjåen, Karoline Hartviksen og Kristina Kjørmo i aksjon).
- ⊗ Skilting og **infotavler** om kulturlandskap i Hjartdal og Bondal. Skal vera på plass til mai.
- ⊗ Koordinering/søknadsarbeid for **Sogelandet.**
- ⊗ Songar og segner om folk og dyr for **bornehagane.**

Ingvill Marit Buen Garnås

Tlf: 971 87 758 alle vekedagar utom torsdag



Hjartdal idrettslag

På årsmøtet 10.mars ble det valgt nytt styre. Leder er fortsatt Ruth Gunlaug Haug, se ellers Hjartdalil.no for nye navn i styret. HIL takker hjertelig de som gikk av for innsatsen, og ønsker nye koster velkommen inn!

Løypelaget

Turløypene i Hjartdal feirer i år 30-års-jubileum. Og det med samme mann ved roret i alle år. Thor Ole Flatland har sammen med mange gode medspillere opp i gjennom, både initiert og utviklet, kjørt og vedlikeholdt løypenettet til glede for både fastboende og hyttefolk i 3 tiår. Det fortjener både hurra og hederlig omtale!! Dette vil idrettslaget markere ved et par anledninger i løpet av våren, blant annet på årets basar på Bergtun.

Turgruppa

Vi følger opp en hyggelig høst-tur med en familie-vinter-tur søndag 2.april. Turen går fra Hundemyr kl 1200 til postkassa ved Lekkjenuen. Der kan det bli bål, grill og aking og bålkokt kaffi. Ta med egnet mat. Premie til mest kreative turmat! Dersom været tillater det, kan hende vi prøver å lokke med ungdommen på en tur på selve Lekkjenuen. Derfra er det fin-fin skikjøring ned igjen. Kom ut, kom fram og bli med!!

Basar

Årets basar blir 29.april, på Bergtun kl. 18,00.

Medlemskap i idrettslaget

Vi kommer til å kjøre medlemskaps-kampanjer dette året. Dette fordi alle som er aktive i idrettslaget, enten ved dugnader eller sportslige aktiviteter, gjelder som tellende aktive medlemmer. HIL tilbyr aktiviteter for nesten alle aldre og håper derfor både barn, voksne, ungdom og eldre ser verdien av å stå som registrert medlem. Det koster bare 100 kr per person pr år, og det er få idrettslag som kan skilte med så mye for 100-lappen. Dessuten er det helt nødvendig i forhold til aktive og forsikring. Bli medlem!! Og husk å registrere alle medlemmer med navn og fødselsår.

Medlemskap sendes til konto nr 2699 42 05578

Løypelaget

Vi oppfordrer alle, både hyttefolk og fastboende, til å bidra til løypelaget som har eget regnskap. Det koster å kjøre 50 km løyper hver helg gjennom vinteren, og vi håper du også ser nytten av dette arbeidet. Beløp merkes løypelaget 2011 og sendes til konto 2699 42 05578. På forhånd takk!

Leiar: Ruth G. Haug

Barneidrett: Hanne Lofthus

Nestleiar: Gunvald Tho

Voksen trim: Kirsti Holm

Sekretær: Elisabet D. Lid

Idrettm: Olav Tho

Kasserer: Kristine Åbø

Turløyper: Atle Våle

Langrenn: Øyvind Larsen

Materiell: Tore Gunnar Bratsberg

Hopp: Anne Grethe Særsland

Bergtun: Sven Tore Løkslid

Støttegr: Margrethe Ims

Vær med og støtt opp om idrettslaget, de er med og gjør Hjartdal til ei levende bygd, derfor bruk bankgiroen og bli medlem.

Kan vi få heile bygda til å bli medlemmer i Idrettslaget ?

Bli med Slåttefestivalen på Serbia-tur!

Slåttefestivalen ynskjer å invitere alle bygdefolk som har tid, anledning og lyst til å bli med på slåttefestival i Serbia. Denne festivalen ligg i ein liten by, Ljig, litt sør for Beograd.

Avreise fredag 15. juli

Heimkomst måndag 18. juli

Pris pr pers: 4.500,-

I denne prisen ligg: Fly T/R, hotell, frokost og middag kvar dag. Billett til slåttefestivalen i Serbia. Sightseeing. osv..

Håper du blir med på tur :)

Tilbakemeldingar og innspel på Slåttefestivalen

Me vil med dette takke for engasjementet bygdefolk viste under dugnadsfesten på Bergtun 5.februar i år. Slåttefestivalen vil i år vere 12 år, og me ser det viktig å peike ut vegen vidare og setje oss mål. Svikande interesse for styreverv og ei redsle for å ”bruke opp” dugnadsånda gjer at det også er viktig å få innspel på om bygda ynskjer at festivalen held fram. På dugnadsfesten var det ca 40 som møtte og blant desse var det mange positive innspel og gode bidrag til følgjande problemstillingar:

ER SLÅTTEFESTIVALEN VIKTIG FOR BYGDA? KVIFOR?

Her var det absolutt eit klart JA frå alle!

Årsakene til dette er:

God marknadsføring og merkevare for Hjartdal der stemninga er ei salsvare.

Godt samarbeid/samhald blant bygdefolk.

Festivalen tek vare på gamle tradisjonar og viser fram lokale handverkarar.

Festivalen skaper stoltheit, identitetskjensle og gjev god inkludering mellom aldersgrupper.

Økonomisk har festivalen blitt styrt godt, og dette har tilført bygda midlar og ringverknadar for økonomien i andre lag.

Stimulerar dugnadsånda hos dei yngre .

Sosial møttestad for alle aldersgrupper.

Slåttefestivalen gjer oss til ei levande bygd som er attraktiv å bu-setja seg i!

ER SLÅTTEFESTIVALEN FOR STOR, FOR LITEN ELLER SLIK DEN BØR VERA?

Dei fleste innspela viste til at dagens storleik er passe. Det vart også nemnt at bygdas lange og gode kompetanse som utandørsarrangør gjer at festivalen kan vekse. Det var ingen tilbakemeldingar på at festivalen er for stor.

KORLEIS SKAL FESTIVALEN OVERLEVA VIDARE?

Etablere og utvikle ein stø kurs som festivalen overlever på kapasitetsmessig og økonomisk.

La festivalen stå i samsvar med ambisjonar og folks dugnadskapasitet. Ruller på ansvarsoppgåver.

La slåtten bli meir moro og mindre alvor. Eiga gruppe som målbevisst jobbar med å få deltakarar frå andre fylke. Innfør berre ei klasse i slåtten.

Finne på nye aktivitetar og attraksjonar, til dømes konkurrere om å setje opp høystakk og bere høyybyr.

Rekrutter ungdom. Fokus på ungdoms- og barneaktivitetar, til dømes stell av dyr. Desse opplevingane kan motivere ungdom til å ta eit tak for festivalen seinare. Samarbeide med skulen og gje 10-15 åringar meir ansvar (imøtekom deira ynskje).

Bli betre på marknadsføring og sosiale media. Bruk stemninga som merkevare. Forsterke marknadsføring av sjølve festivalen og slåtten. Oftare oppdatering av nettsida og vis til fleir kontaktpersonar. Få bygdefolk til å være ambassadørar for festivalen. Etablere ein stor ljà ved tunnelen kan skape stor nysgjerrigheit og marknadsføring.

Få tilreisande til å bli lengre og helst delta på alle arrangementa.

Fortetter_

KVA SKAL TIL FOR AT FLEIRE SKAL TA ANSVAR?

”Fadderordning” for å gjere styreverv og ansvarsgrupper mindre skremmande for yngre. Ufarleggjere styrearbeid.

Gulrøttar som dugnadsfest og opprette leiarhonorar kan være lurt.

Ein leiar i kvar undergruppe og betre informasjonsflyt mellom gruppene og styret (klare instruksar).

Positivitet smittar! Positive haldningar og vise at det er moro å engasjere seg. Viktig at folk føler tilhøyrsløse for å skape god dugnadsånd. Barn og unge bør engasjerast innan dugnadsarbeid.

God økonomi i festivalen – lettare å drive.

Har du nokre konkrete innspel på lager, er det ikkje for seint å sende ein mail til personane i styret eller ein lapp i postkassa til Lise på Bygdesentralen. Alle tilbakemeldingar sett me stor pris på – uansett når dei kjem på året!

Helsing frå styret i Slåttefestivalen

Berit Slåtta

Lise Djupedal

Leif-Harald Langåsdaalen

Ingrid Flatland Høydahl

Sven Tore Løkslid

Gro-Anita Særsland

beritsla@start.no

bygdesentralen@hjartdalsbygda.no

l-h-lang@online.no

ingridflatland@yahoo.no

sirlokslid@hotmail.com

groanita86@hotmail.com



Bibliotek!

Biblioteket har ope kvar onsdag frå kl. 16,00 til 19,00. Er det bøker du har lyst til å lese og som ikkje står i hylla, spør Ellen, og ho skaffar dei.

Har du bøker som skulle vore levert , kan du også levere dei inn til frivilligsentralen når den er open. Frivilligsentralen kan også låne ut bøker i si opningstid.

Biblioteket har fått ein del nye bøker som hovudbiblioteket skulle kassere. Kjente forfattarar og kjente titlar .

Ta turen innom biblioteket på onsdagar frå kl. 16,00 til kl.19,00

**Dess fleire som låner bøker,
dess lengre får vi behalde biblioteket i bygda!**

BYGDEDANS PÅ BERGTUN

Springar og gangar, med litt gamaldans innimellom.

Ein søndag i mnd. 10/4, 15/5 og 12/6.

Grunnkurs kl. 19.30-20.30.

Dans kl 20.30-21.30

med individuell rettleiing for dei som ynskjer det.

For alle aldrar.

Ikkje nødvendig å stille som par,

me byter på så alle får danse.

Instruktør: Ingvill MB Garnås.

GRATIS.

MISJONSHUSET

Tysdag 05.april kl 19.30 **Møte**. Talar: Tor Bringaker.

Laurdag 09.april **dugnad** frå kl.1.1.00. Vask inne, rydding ute

Normisjonens venner

Månd.04.april kl 19.30 møte hos Todne Hovdejord

Månd.02.mai kl 19.30 møte

”Gamle” Hjartdal helselag!

Hjartdal helselag kaller inn til årsmøte 28/4 kl. 18,00 på bygdesentralen.

Sak: Kva med helsehuset?

Alle er velkomne!

Hjartdal skule!

Hjartdal skule manglar ein liten frysar og eit lite kjøleskap.

Har du ståande ein frysar eller eit kjøleskap som du ikkje brukar, ta kontakt med skulen.

Tlf. 35024918.

Pensjonistmøter før sommerferien.

Tirsdag den 12.april på Betel kl.12:00

Vi kan glede oss over besøk denne dagen av Ivar Skifjell med sang og kåseri.

Det er forandring på møteplan tirsdag den 03.mai !!!

Sauland Pensjonistlag har 60 års jubileum, og Hjartdal pensjonistlag er invitert til jubileumsfest den 03.mai kl.11:00 i Sauland Menighetshus.

Medlemsmøte er forandret fra 03.mai til den 10.mai på Betel!

Tirsdag den 07.juni Turkomiteen planlegger en Lavvo-tur denne dagen

Nærmere informasjon om dette på pensjonistmøtet den 10.mai på Betel.

VEL MØTT TIL ALLE TILSTELLINGER !

Med hilsen for styret,

H. Hartmann